

ARTIKON AS
Postboks 48
6034 EIDSNES

Dykkar referanse:

Vår referanse:
26/1886, 26/19094

Arkivkode:
L42 475/194

Dato:
18.08.2026

Gbnr. 475/194 - Plassen 15 - Endring av bygg - Innvendig og utvendig - Vedtak

Behandling:

Delegert sak nummer: 148/26	Dato: 18.08.2026
-----------------------------	------------------

Tiltak: Endring av bygg - Innvendig og utvendig
Byggestad: Gbnr. 475/194 Plassen 15
Areal (ny): BRA: 7,9 m² BYA: 17,1 m² %-BYA: 33,86
Tiltakshavar: Mari Valaker Røren
Ansvarleg søkar: ARTIKON AS
Søknad komplett: 18.07.2026

Delegert vedtak:

Vi godkjenner søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen si føresegna om maksimal utnyttingsgrad og frå byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen, jf. plan- og bygningslova § 1-8. og søknad i eitt steg om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel, endring av teknisk installasjon i bygg (pipe), endring av bæring, mindre endringar i fasade, påbygg og tilbygg på gnr. 475 bnr. 194. Tiltaket er godkjent med avstandar til nabogrenser og andre bygg som vist på situasjonsplanen.

Saksopplysningar

Vi viser til søknad Ett-trinn12 mottatt hos oss 18.07.2026 . Søknaden var komplett 18.07.2026.

For området gjeld følgende:

1. Reguleringsplan for Søvik byggefelt 7 med føresegner, gjeldande frå 24.10.2002.
2. Arealdelen av kommuneplan for Haram med føresegner gjeldande frå 18.06.2020.

Eigedomen er i plan lagt ut til bustad formål.

Eigedomen er knytt til offentlig veg, privat vassverk og kommunal avløpsleidning. Tiltaket føreset ikkje endra avkøyrsløse eller tilknytning.

Tiltaket er nabovarsla. Vi har ikkje mottatt merknadar.

Det ligg føre skriftleg nabosamtykke frå eigar av gbnr. 475/195 til at eigar av gbnr. 475/194 kan oppføre tilbygg/underbygg med ein minsteavstand på 3,6 meter frå felles eigedomsgrense.

Fråsegna frå annan myndigheit

Møre og Romsdal fylkeskommune

Vi har ingen merknader til søknaden.

Statsforvataren i Møre og Romsdal

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde ingen merknad.

Vurderingar

Saka gjeld:

Vi viser til søknad Ett-trinn¹² mottatt hos oss 18.07.2026 . Søknaden var komplett 18.07.2026.

Du har søkt om om bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel, endring av teknisk installasjon i bygg (pipe), endring av bæring, mindre endringar i fasade, påbygg og tilbygg på gnr. 475 bnr. 194 i eitt trinn. Totalt %-BYA er 33,86, inkludert 3 parkeringsplassar på terreng.

Tiltaket gjeld bruksendring av delar av loftet frå tilleggsdel til hovuddel, med innreiing av gang og ombygging av loftet. Det skal fjernast delar av etasjeskiljet mellom 1. etasje og loftet, samt eitt av to eksisterande pipeløp. Vidare gjeld tiltaket nødvendige endringar og forsterkingar av berande konstruksjonar, eit mindre tilbygg i 1. etasje med veranda og etablering av balkong på loftet. Det vert òg søkt om ettergodkjenning av eit rom i underetasjen og tre eksisterande takvindauge. I tillegg omfattar tiltaket mindre fasadeendringar, mellom anna nye og endra vindauge og dører.

Arealberegninger iht NS 3940	Bruksareal BRA i m ²									
	Eksisterende					Ny				SUM
	Pr etasje	Utvendig bod/garasje	Åpent overbygd areal og carport	Bygninger på tomt	Parkering	Pr etasje	Utvendig bod/garasje	Åpent overbygd areal og carport	Parkering	
Kjeller	123,4	0,0	0,0	0,0	0,0	14,9	0,0	0,0	0,0	138,3
1. Etasje	133,4	21,1	0,0	0,0	0,0	7,9	0,0	0,0	0,0	162,4
2. Etasje	81,1	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	81,1
SUM:	352,7	21,1	0,0	0,0	0,0	7,9	0,0	0,0	0,0	381,8
BYA:	179,9	25,3	28,4	0,0	54,0	17,1	0,0	0,0	0,0	304,7

Tomtareal: 1012,5 m²

Tomteareal reg. boligformål: 900,0 m²

Utnyttelsesgrad 30,09%

Utnyttelsesgrad 33,85%

Planmessige forhold og dispensasjonar:

De har søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen si føresegn om maksimal utnyttingsgrad og frå byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen. Søknaden er grunngjeven med at *Selve bygningsmessig tiltak består av et mindre tilbygg på ca. 17,1 m² BYA, og representerer en begrenset fysisk endring av bebyggelsen. Kommuneplanen åpner for høyere utnyttelse for tilsvarende boligtyper, og tiltaket vurderes å ligge innenfor de overordnede rammene som*

gjelder for området. Omsøkte tiltak gjennomføres på en eksisterende boligeiendom som i både reguleringsplan og kommuneplan er avsatt til boligformål. Selv om reguleringsplanen ikke har fastsatt byggegrense mot sjø, viser arealdisponeringen og kommuneplanens bestemmelser at området er forutsatt benyttet til boligbebyggelse. Tiltakene innebærer ingen vesentlig endring av eksisterende situasjon og vurderes ikke å komme i konflikt med de hensyn plan- og bygningsloven § 1-8 skal ivareta.

Vi kan berre gi dispensasjon om dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå, eller lova si føremålsføresegn, ikkje blir vesentleg satt til side. I tillegg må det vere «klart større fordelar enn ulemper» etter ei samla vurdering, jf., plan- og bygningslova § 19 – 2 andre avsnitt. Det må som utgangspunkt dreie seg om fordelar som er forankra i areal- og ressursdisponeringsomsyn.

Dispensasjon frå reguleringsplanen si føresegn om maksimal utnyttingsgrad

Eigedomen er regulert til bustadføre mål, og tiltaket inneber mellom anna eit mindre tilbygg på om lag 17,1 m² BYA, i tillegg til andre endringar av eksisterande bustad. Samla utnyttingsgrad etter tiltaket er opplyst til %-BYA 33,86, inkludert tre parkeringsplassar på terreng. Tiltaket føreset dispensasjon frå reguleringsplanen si føresegn om maksimal utnyttingsgrad.

Omsynet bak føresegna om maksimal utnyttingsgrad er mellom anna å regulere omfanget av utbygginga på eigedomane, sikre at området ikkje vert overbygd, og å ivareta omsynet til tilfredsstillande uteareal, lys, luft, tilkomst og eit føremålstenleg forhold mellom bygningsmasse og tomtareal. Føresegna skal òg bidra til å styre den samla arealutviklinga i området i samsvar med planen.

Det omsøkte tiltaket inneber ei auke i bygningsvolumet, men hovuddelen av tiltaket gjeld ombygging og bruksendring av eksisterande bustad. Det er berre tale om eit mindre tilbygg på om lag 17,1 m² BYA, medan øvrige tiltak i hovudsak skjer innanfor eksisterande bygningskropp. Tiltaket medfører dermed ikkje ei omfattande fortetting eller ei vesentleg endring av eigedomen sin karakter. Eigedomen er allereie bebygd og ligg i eit område som er sett av til bustadføre mål. Etter ei samla vurdering finn kommunen at omsynet til å avgrense utbyggingsomfanget og sikre ein balansert utnytting av området ikkje vert vesentleg tilsidesett ved at det vert gitt dispensasjon i dette tilfellet.

Når det gjeld fordelar og ulemper, legg kommunen særleg vekt på at tiltaket i hovudsak nyttar og vidareutviklar eksisterande bygningsmasse, framfor å leggje til rette for ny utbygging på ubebygd areal. Tiltaket bidreg dermed til ei arealeffektiv utnytting av ein allereie etablert bustadeigedom. Det vert òg lagt vekt på at tiltaket er avgrensa i omfang, og at den vesentlege delen av utbygginga skjer gjennom ombygging av eksisterande bustad.

Ei overskriding av fastsett utnyttingsgrad inneber samstundes ei ulempe ved at den samla bygningsmassen på eigedomen vert noko større enn det reguleringsplanen opnar for. Kommunen legg likevel til grunn at overskridinga, sett i samanheng med tiltaket sitt avgrensa omfang og at det i hovudsak er tale om vidareutvikling av eksisterande bustad, ikkje vil ha vesentlege negative verknader for området eller dei omsyna føresegna skal ivareta.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre avsnitt. Kommunen legg særleg vekt på at tiltaket legg til rette for ei betre og meir funksjonell utnytting av eksisterande bustadeigedom, utan at det medfører ei vesentleg endring av utbyggingsstrukturen i området. Vilråa for dispensasjon frå reguleringsplanen si føresegn om maksimal utnyttingsgrad er dermed oppfylte.

Dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8

Tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjøen og føreset dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8. Etter føresegna skal det i 100-metersbeltet takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Omsynet bak byggjeforbodet i § 1-8 er å sikre strandsona som eit tilgjengeleg og attraktivt område for allmenta, og å ivareta natur-, landskaps- og friluftsinteresser langs sjøen. Føresegna skal òg hindre uheldig nedbygging og privatisering av strandsona og sikre at arealbruken vert vurdert langsiktig og i eit heilskapleg perspektiv.

Eigedommen er allereie utbygd med bustad og ligg i eit område som både i reguleringsplan og kommuneplan er sett av til bustadføremål. Tiltaket inneber i hovudsak ombygging og bruksendring av eksisterande bustad, med eit mindre tilbygg på om lag 17,1 m² BYA, etablering av balkong og mindre fasadeendringar. Tiltaket inneber såleis ikkje etablering av ein ny bygning eller ei ny bustadeigedom i strandsona.

Kommunen legg vidare vekt på at tiltaket i hovudsak skjer på ein eksisterande bygningskropp og på ein allereie etablert bustadeigedom. Det er ikkje opplyst om tiltaket vil medføre inngrep i sjøareal, vesentlege terrenginngrep eller andre tiltak som i særleg grad vil påverke naturmiljø, landskap eller allmenn ferdsel. Den omsøkte utbygginga er avgrensa, og kommunen vurderer at tiltaket ikkje vil medføre ei vesentleg auke i privatiseringa av strandsona samanlikna med dagens situasjon.

Kommunen vurderer på denne bakgrunnen at omsyna bak § 1-8 ikkje vert vesentleg tilsidesette. Det vert særleg lagt vekt på at tiltaket er knytt til vidareutvikling av eksisterande bustad, at eigedommen allereie er utbygd, og at det ikkje er tale om ei nyetablering eller ei vesentleg endring av arealbruken i strandsona.

Når det gjeld fordelar og ulemper, er det ein fordel at tiltaket legg til rette for ei meir funksjonell og tidsmessig oppgradering av eksisterande bustad, utan at det vert teke i bruk eit nytt, tidlegare ubebygd areal til bustadføremål. Ei slik vidareutvikling av eksisterande bygningsmasse kan etter kommunen sin vurdering vere i samsvar med ei arealeffektiv og ressursmessig forsvarleg utvikling av allereie utbygde område.

Ulempa ved å gi dispensasjon er at tiltaket inneber ytterlegare utbygging innanfor 100-metersbeltet, og at ein dispensasjon i utgangspunktet kan bidra til ei gradvis auka utbygging og privatisering av strandsona. Kommunen legg likevel vekt på at tiltaket er avgrensa i omfang, at eigedommen allereie er etablert som bustadeigedom, og at tiltaket i hovudsak gjeld ombygging og vidareutvikling av eksisterande bygning. På denne bakgrunnen vurderer kommunen ulempene som avgrensa i den konkrete saka.

Etter ei samla vurdering finn kommunen at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre avsnitt. Det er lagt særleg vekt på at tiltaket i hovudsak nyttar eksisterande bygningsmasse og ikkje inneber nyetablering av bustad eller vesentleg endring av arealbruken i strandsona. Tiltaket vurderast heller ikkje å medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap, naturmiljø, friluftsliv eller allmenn tilgang til strandsona. Vilkår for dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 er dermed oppfylte.

Naturmangfaldlova

Tiltaket er vurdert i samsvar med prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12, som omfattar krav til kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, økosystemtilnærming og samla belastning. Det er gjennomført kontroll i Artsdatabanken og Naturbase hos Miljødirektoratet. På bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap og registreringar i aktuelle databasar vert det vurdert at tiltaket ikkje vil medføre vesentlege eller negative konsekvensar for naturmangfaldet eller det berørte området.

Samfunnstryggleik

I samsvar med plan- og bygningslova § 28-1 første ledd skal byggverk og arealbruk plasserast slik at det ikkje oppstår fare for liv, helse, miljø eller materielle verdiar som følgje av natur- eller miljøforhold. Byggjeløyve kan ikkje givast før det ligg føre tilstrekkeleg dokumentasjon som viser at området har tilfredsstillande tryggleik mot fare eller vesentleg ulempe, eller at slik tryggleik kan oppnåast gjennom eigna sikringstiltak.

I følgje NVE atlas ligg eigedomen i eit område der det ikkje er marin leire eller mulig kvikkleire. Krava til tryggleik og sikring etter plan- og bygningslova § 28-1 er vurderte og det vert lagt til grunn at føresetnadene for trygg arealbruk er oppfylte.

Visuelle kvalitetar

I samsvar med plan- og bygningslova § 29-2 skal tiltak prosjekterast og utførast slik at dei, etter kommunen sitt skjønn, har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølve og i høve til funksjon, plassering og samanheng med dei bygde og naturgevrne omgjevnadene. Utforming, volum, materialbruk og estetiske kvalitetar skal bidra til ei heilskapleg og god tilpassing til omgjevnadene.

Tiltaket gjeld oppgradering og ombygging av eksisterande bustad, med bruksendring av delar av loftet frå tilleggsdel til hovuddel, mindre tilbygg/påbygg, etablering av balkong og mindre fasadeendringar. Det skal mellom anna etablerast nye og endra vindauge og dører, medan delar av eksisterande konstruksjonar og eitt eksisterande pipeløp vert fjerna. Hovudforma på eksisterande bustad vert likevel i all hovudsak vidareført. Søkna dteikningane viser at tilbygget er avgrensa i omfang og vert integrert i den eksisterande bygningskroppen.

Etter kommunen si vurdering er tiltaket utforma på ein måte som tek omsyn til eksisterande bygning si form og skala. Endringane i fasadane framstår som ei samla oppgradering av bustaden, og nye vindauge, dører og balkong er tilpassa den eksisterande bygningen. Tiltaket medfører ikkje at bustaden får ein vesentleg endra karakter, sjølv om bygningen vert noko større som følgje av tilbygg/påbygg og balkong. Fasade- og snittteikningane viser at eksisterande takform og hovudvolum vert vidareført, medan dei nye bygningsdelane vert underordna den eksisterande bygningsforma.

Når det gjeld forholdet til omgjevnadene, ligg tiltaket på ein allereie utbygd bustadeigedom. Situasjonsplanen viser at tiltaket vert plassert i tilknytning til eksisterande bustad og innanfor eksisterande tomtestruktur. Tiltaket inneber dermed ikkje ei nyetablering av bygning i eit elles ubebygd område, men ei vidareutvikling av eksisterande bustad. Kommunen vurderer at tiltaket, med sitt avgrensa omfang og si tilpassing til eksisterande bygning, ikkje vil verke dominerande eller framstå som eit framandelement i området.

Kommunen legg vidare vekt på at tiltaket er prosjektert med ein tydeleg samanheng mellom eksisterande og nye bygningsdelar. Dei nye fasadeelementa, tilbygget og balkongen inngår som delar av ei samla arkitektonisk utforming, og tiltaket vurderast å ha ein god balanse mellom funksjonelle behov og omsynet til eksisterande bygningsuttrykk.

På denne bakgrunnen konkluderer kommunen med at tiltaket har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til funksjon, plassering og samanheng med dei bygde og naturgjevne omgjevnadene. Tiltaket vert vurdert å vere godt tilpassa eksisterande bustad og omgjevnadene, og oppfyller dermed krava i plan- og bygningslova § 29-2.

Byggehøgder og plassering, inkludert høgdeplassering:

Bygget er godkjent med møne- og gesimshøgde på 8,14 og 5,1 m over gjennomsnittleg planert terreng rundt bygget. Høgdeplassering skal vere kote 5,24 på overkant ferdig golv i underetasje. Avstand til nabogrenser og andre bygg på eigedomen som vist på situasjonsplan.

Parkering:

I reguleringsplanen for Søyvik byggefelt 7 er det fastsett krav om x p-plassar per bustadeining. Administrasjonen vurderer at tiltaket tilfredsstiller desse krava i samsvar med planen.

Ansvar og uavhengig kontroll:

Vi har lagt til grunn at funksjonar og ansvarsområde i tiltaket er dekkja med nødvendige ansvarsrettar.

Utføring

Tiltaket skal utførast i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter, inkludert byggtেকnisk forskrift (TEK17).

Konklusjon

Søknaden godkjennast som omsøkt.

Andre opplysningar:

Du har rett til å klage på vedtaket, sjå vedlegg for meir informasjon om klagerett i byggesaker. Aktuelle partar blir underretta om vedtaket.

Gebyr blir fakturert i samsvar med satsar fastsett i bystyret, og blir sendt til deg seinare.

Dette løyvet skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Om byggearbeidet ikkje er satt i gang innan tre år, eller om arbeidet vert innstilt i meir enn to år, må du søke på nytt, jf. plan- og bygningslova § 21-9.

Du kan ikkje bruke tiltaket før midlertidig bruksløyve eller ferdigattest er gitt. Ved slik søknad må du hugse å leggje ved opplysningar om kvar tiltaket er plassert, slik det er utført. Opplysningane vert sende til e-postadressa på heimesida til Haram kommune.

Vi gjer merksam på at tiltaket blir registrert i Statens kartverk (Matrikkelen). Kommunale vass- og avløpsavgifter kan bli rekna ut frå areal som er ført der. **Eventuell installasjon av eldstad skal meldast til kommunen ved bruk av digitalt skjema «Melding om installering eller endring av eldstad». Skjemaet er tilgjengeleg på heimesida til Haram kommune under *Bygg og bu – Brann, feiing og eigenberedskap – Feiing, eldstad og tilsyn med fyringsanlegg*.**

Gjeldande lover, forskrifter, vedtekter og reguleringsføresegner skal følgast, med mindre du har fått uttrykkeleg dispensasjon.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til «Arkivsaksnummer 26/1886» og gbnr. 475/194.

Ved å gå inn på «Innsyn» på heimesida til Haram kommune kan du søkje på arkivsaksnummer eller gnr./bnr. og finne dokumenta i saka.

Send dokumentasjon via eDialog

Bruk gjerne eDialog viss de skal sende oss dokumentasjon eller svare på dette brevet. Oppgi referansenummer 26/1886. Les meir om eDialog på: <https://haram.kommune.no/edialog>

Med helsing
Bent Leite
tenesteleiar

Chuyun Hu
ingeniør
Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til:

Mari Valaker Røren

Plassen 15

6280

Søvik

Vedlegg:

2_KART_Situasjonsplan_3109 - Søknadstegninger

3_TEGN_TegningNyFasade_3109 - Søknadstegninger

5_KORR_SamtykkePlassering_Image

20_Gjennomføringsplan_Gjennomføringsplan

Orientering om klagerett i byggesaker - Haram kommune - Plan

		Lovheimel:
Kven har rett til å klage?	Den som er part i saka, eller som har rettsleg klageinteresse, kan klage på vedtak i byggesak.	Forvaltningslova (Fvl.) § 28
Kva kan du klage på?	Enkeltvedtak, dvs. vedtak som er bestemmende for rettar eller plikter til ein eller fleire bestemte personar. Du har ikkje rett til å klage på forhold som er avgjort i bindande reguleringsplan eller dispensasjon, etter at fristen for å klage på dei vedtaka er gått ut.	Fvl. § 28, jf. § 2.
Klagefrist	Klaga må vere postlagt innan tre (3) veker etter at du fekk melding om vedtaket. Det vil si at du må sende klaga innan tre veker frå den dagen melding om vedtaket vart lagt i di postkasse, postboks eller blei levert på anna måte. Om du ikkje har fått melding, er klagefristen tre veker frå du fekk eller burde skaffa deg kjennskap til vedtaket. Sjølv om klaga blir sendt for seint kan kommunen behandle klaga dersom a) du ikkje kan lastast for at fristen ikkje blei haldt eller for å ha drygd med å klage etterpå, eller b) det er «særlege grunner» til at det er rimeleg at klaga blir prøvd.	Fvl. §§ 29 og 30 Fvl. § 31
Kva må du ta med i klaga?	Klagen må: - vere signert - angi kva vedtak det klagast på - angi kva endringar ein ønsker - eventuelt gi opplysingar om oppfylling av klagefrist (om det er tvil om klaga er sendt til rett tid). I tillegg bør klagen vere grunngitt, og gi eventuelle andre opplysingar som kan ha betydning for kommunen si vurdering. Om det er feil eller manglar ved klaga, få du ei kort frist for å rette eller utfylle klaga.	Fvl. § 32
Kven kan du klage til?	Klaga skal sendast til: Haram kommune Plan I PELT (Plan Eigedom Landbruk Teknisk) Postboks 33 6282 Brattvåg	Fvl. § 28

	Eller du kan bruke eDialog eller e-postadressa til kommunen.	
Vidare saksgang:	Klaga blir først vurdert av den instansen som har gjort vedtaket. Om tenestekområdet ikkje finn grunn til å endre sitt vedtak blir saka behandla i Planutvalet (PU). Om PU held fast ved det opphavlege vedtaket, vil saka blir sendt til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.	Fvl. § 33
Når blir klaga behandla?	Innan åtte – 8 – veker	SAK § 7 – 1, jf. § 7 – 2 fjerde avsnitt.
Kva skjer med byggearbeidet i mellomtida?	Sjølv om det er klaga over vedtaket, kan ein gjennomføre vedtaket straks det er gjort. Det betyr at byggearbeidet kan starte, så snart det er gitt igangsettingstillatelse. Kommunen kan bestemme at arbeidet ikkje kan starte opp før klaga er avgjort, om kommunen finn grunn til det.	Fvl. § 42
Rett til innsyn og rettleiing	Part i saka har rett til rettleiing. Partane har normalt også rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka. Du finn dei fleste sakene og dokumenta på heimesida til kommunen ved å velje «Innsyn». Om dokumenta ikkje er tilgjengelege der, kan du vende deg til kommunen med spørsmål om innsyn via e-postadressa på heimesida til Haram kommune.	Fvl. § 11 og § 18.
Rett til å krevje grunngjeving:	Om vedtaket ikkje er grunngjeve, har du som er part i saka rett til å få særskilt grunngjeving for vedtaket. Klagefristen blir utsett til etter at du har fått grunngjevinga.	Fvl. § 24 og § 25
Kostnader ved å klage	Du kan søke om å få dekt utgifter til nødvendig advokathjelp. Her gjeld visse grenser for inntekt og formue. For meir informasjon om dette ta kontakt med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal eller advokat. Om du får medhald i klaga kan du i nokre tilfelle krevje dekning for vesentlege kostnader som har vore nødvendig for å endre vedtaket til din fordel.	Fvl. § 36